

Kva:	Møte nr. 02 i Langrennskomiteen, 2025-2027
Tidspunkt:	Måndag 22. september 2025, kl. 20:00-21:30
Stad:	Digitalt via Microsoft Teams
Sakliste:	REFERATSAKER SAK 11 25-27 Godkjenning av innkalling og sakliste SAK 12 25-27 Godkjenning av protokoll nr. 01 25-27 i LK DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER SAK 13 25-27 Konstituering av langrennskomiteen 2025-2027 SAK 14 25-27 Saker til haustmøte 26. oktober 2025 SAK 15 25-27 NSF Timing SAK 16 25-27 Terminlista 2025-2026 SAK 17 25-27 Nasjonale renn og meisterskap 2025-2026 SAK 18 25-27 NSF haustmøte 17.-18. oktober 2025 RAPPORTERINGSSAKER SAK 19 25-27 Rekneskapsrapport EVENTUELT
Til stades:	André Haugsbø, Torstein B. Blikra, Erik Brenne, Ellen Blom, og Kennet Dvergedal (adm.)
Forfall:	Reidun Smørdal Hjelle
Referent:	Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 11 25-27

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling med sakliste og vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 12 25-27

Godkjenning av protokoll nr. 01 23-25 i LK

Bakgrunn

Protokoll nr. 01 25-27 frå langrennskomiteen er sendt ut og godkjent elektronisk tidlegare. Protokollen ligg også vedlagt.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner protokoll nr. 01 25-27.



DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 13 25-27

Konstituering av langrennskomiteen 2025-2027

Bakgrunn

Arbeidsfordeling og val til funksjonar. Langrennskomiteen 2023-2025 vart konstituert til følgjande funksjonar:

- Nestleiar
- Medlem i anleggskomiteen
- Økonomi/ sponsor ansvarleg
- Utvikling/ utdanning ansvarleg
- Terminlisteansvarleg

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer følgjande vedtak:

- Nestleiar: Eline Orheim
- Medlem i anleggskomiteen: Eline Orheim
- Økonomi/ sponsor: Erik Brenne
- Utvikling/ utdanning ansvarleg: Reidun og Ellen
- Terminlisteansvarleg: Torstein B Blikra

SAK 14 25-27

Saker til haustmøte 26. oktober 2025

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Haustmøtet 2025 skal gjennomførast søndag 26. oktober 2025 på Sandane.

Rammeprogram;

kl. 10:00-12:00	Fellesdel
kl. 12:00-13:00	Lunsj
kl. 13:00-16:00	Greinvise fagmøter

Parallelt med skikrinsen sine haustmøte vert det gjennomført ei treningssamling for ungdom.

På langrennskomiteen sitt haustmøte 2024 hadde ein følgjande sakliste:

Informasjonsaker (sendt ut på førehand)

- Krinslaget 2024/2025
- Nasjonale renn 2024/2025
- Team Elon Vest og Team SørVest 2024/2025
- Økonomi/ marknad
- Orientering frå Haustmøte NSF langrenn

Diskusjonssaker

- Rekruttering
 - o Lokale arrangement i samband med VM
- Terminlista 2024/2025



VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste:

Informasjonssaker:

- Krinslaget 2025-2026
- Nasjonale renn 2026
- Team Elon og Team SørVest
- Økonomi/ marknad
- Orientering frå NSF langrenn
- Terminlista 2025/2026

Diskusjonsaker:

- Rekruttering
 - o Arrangement i terminlista
 - o Miljøsamling
 - o Sprintgjennomføring (opprykk/nedrykk)

SAK 15 25-27

NSF Timing

Bakgrunn

Norges Skiforbund Langrenn lanserer 1. oktober 2025 et nytt tidtakerprogram utviklet spesielt for norske langrennssklubber. NSF-Timing er laget for å forenkle gjennomføringen av skirenn og styrke klubbens rolle som arrangør – uansett størrelse og erfaring. Dette er et viktig steg i arbeidet med å gjøre langrenn mer tilgjengelig og bærekraftig.

All informasjon om NSF timing finn ein på nettsidene til Skiforbundet;

<https://www.skiforbundet.no/langrenn/skirenn/for-arrangor/nsf-timing/>

I det vidare arbeidet med NSF timing bør langrennskomiteen vedta stad og tidspunkt for gjennomføring av grunnkurs/ enkelt nivå.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om å legge til rette for grunnkurs i NSF Timing i starten av november med eitt kurs i Sunnfjord, eitt kurs i Sogn, og eitt kurs i Nordfjord. LK leiar og adm. sjef følgjer opp med kurshaldar.

Vidare oppfordrar langrennskomiteen NSF til å legge ut opplæringsvideoar.

SAK 16 25-27

Terminlista 2025-2026

Bakgrunn

Utkast til terminliste for langrenn 2025/2026 er vedlagt.



Langrennskomiteen handsama utkast til terminliste 2025/2026 i møtet.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om justere terminlista i høve det som vart drøfta i møtet, og sende terminlista på høyring til klubbane.

Vidare gjer langrennskomiteen vedtak om å legge opp til digitalt terminlistemøte med klubbane måndag 20. oktober. Terminlista 2025/2026 vert vedteken på skikrinsen sitt haustmøte 26. oktober 2025.

SAK 17 25-27

Nasjonale renn og meisterskap 2025-2026

Bakgrunn

Oversikt over nasjonale renn og meisterskap 2025/2026 finn ein på nettsidene til Skiforbundet;

<https://www.skiforbundet.no/langrenn/skirenn/nasjonale-skirenn/>

For øvrig vil NSF langrenn reservere overnatting/ innkvartering for samtlege kretsar i samband med følgjande arrangement;

- Norgescup jr. Beitostølen
- Norgescup jr. Åsen
- Hovudlandsrennet Savalen
- NM jr. Gålå

Innkvartering frå NSF blir gjort med fordelingsnøkkel 1/3 (1 støtteapparat per 3. løpar).

I det vidare arbeidet med nasjonale renn og meisterskap skal komiteen avklare kven som skal vere hovudleiar og støtteapparat på dei ulike arrangementa.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om følgjande opplegg:

Norgescup senior:

- Team SørVest administrera eige opplegg med aktuelle seniorløparar

Norgescup junior:

- Adm. følgjer opp innkvartering i høve Skiforbundet sine reservasjonar
- 1 hovudleiar/ trenar
- Smøreopplegg – går i dialog med aktuelle leverandørar om kjøp av skiprepp

Hovudlandsrennet:



- Adm. følger opp innkvartering i høve Skiforbundet sine reservasjonar
- Støtteapparat består av 1 hovudleiar/ trenar, samt støtteapparat som dekkar Skiforbundet sitt krav til felles smøreopplegg

Ungdommens Holmenkollrenn:

- Felles smøreopplegg for klubbane – adm. sjekkar opp bestilling av bod (2 stk.)

SAK 18 25-27

NSF haustmøte 17.-18. oktober 2025

Bakgrunn

NSF langrenn inviterer til haustmøte 17.-18. oktober 2025 i Skiforbundet sine lokale på Ullevål stadion.

I framkant av haustmøte ønskjer NSF langrenn at kretsane prioriterer kva som er viktig for vår krets å ta tak i.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om at leiar deltek på haustmøte.

RAPPORTERINGSSAKER

SAK 19 25-27

Rekneskapsrapport

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 19.09.2025 er sendt ut som eige vedlegg. Rapporten vert presentert i møtet.

Nøkkeltal;

Driftsinntekter LK: kr. 454 519,-

Driftskostnader LK: kr. -443 949,-

Resultat: kr. 10 570,-

Eigenkapital LK pr. 31.12.2024: kr. 549 941,-

VEDTAK

Langrennskomiteen tek rapporten til orientering.

EVENTUELT

Neste møte i langrennskomiteen: Haustmøte søndag 26. oktober 2025

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

André Haugsbø (s)
Leiar LK

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef